



## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 99/22   | Formannskapet | 30.08.2022 |

### Detaljplan Mowi Rovde - Oppstart av detaljplan

#### Samandrag:

Mowi ASA har hatt oppstartsmøte (jf. vedlegg) med administrasjonen i Vanylven kommune om utarbeiding av reguleringsplan på Rovde. Dei har ynskje om å utvide oppdrettsanlegget på land ved Sundnesbogen. Detaljplanen legg opp til samla bygningsmasse med storleik 20 000m<sup>2</sup>. Mowi har bedt om at oppstart av regulering ved Rovde vert forankra politisk.

#### Formannskapet 30.08.2022

#### Behandling:

**Samrøystes vedtak som framlegget.**

#### FO - 99/22 Vedtak

Vanylven kommune gjev Mowi oppstartsløyve for utarbeiding av detaljplan for utviding av oppdrettsanlegg på land ved Sundnesbogen på Rovde.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune gjev Mowi oppstartsløyve for utarbeiding av detaljplan for utviding av oppdrettsanlegg på land ved Sundnesbogen på Rovde.

## Vedlegg:

DP MOWI Rovde - planinitativ - Vanylven kommune\_2022.08.18

DP MOWI Rovde - plangrense\_flyfoto\_2022.07.15

DP MOWI Rovde - plangrense\_gråtone\_2022.07.15

DP MOWI Rovde - plangrense\_komplan\_2022.07.15

Oppstartsmøte jf. PBL §12-8-privat reguleringsplan-Detaljeplan Mowi Rovde

## Saksopplysninger:

Mowi ASA har hatt oppstartsmøte (jf. vedlegg) med Vanylven kommune etter plan- og bygningslova § 12-8 om utarbeiding av privat detaljplan for ei regulering ved Sundnesbogen på Rovde. Ose AS er hyra som plankonsulent i dette arbeidet. Tiltakshavar har ynskje om å legge til rette for utviding og auke av dagens produksjon av fisk på land ved Mowi sitt oppdrettsanlegget Sundnesbogen på Rovde.


Målet med planen er:

- Å auke produksjon av smolt
- Å leggje til rette for at fisk med større snittvekter kan setjast ut i sjø
- Føre opp nye produksjonsbygg med nødvendige funksjonar
- Kai for å betre transport på kjøll
- Fylle ut i sjø for å auke næringsareal
- Sikre gjenbruk av matjord
- Regulere areal til gang- og sykkelveg
- Tiltak for trafikktrygging (avkøyrslar)

Tiltakshavar har utarbeidd eit skrifteleg planinitiativ til detaljplan som er vedlagt denne saka. Det er lagt opp til rask framdrift for utarbeiding av plan med ferdigstilling juni 2023. På oppstartsmøte med administrasjonen bad tiltakshavar om at oppstart av reguleringa vart teke opp politisk.

## Vurdering og konklusjon:

Det skal i detaljplanen leggjast til rette for bygningar med ei samla grunnflate i storleik 20 000m<sup>2</sup>. For å få tilstrekkeleg tomteareal for bygning, ny kai og naudsynt manøvreringsareal må det grave ut på land og fylle ut i sjø. Masse som skal fjernast er stipulert til 300 000 - 400 000 m<sup>3</sup>. Det er samstundes mogleg å få ta i sprengstein i nærrområde.



Planområde er om lag 120daa, og femnar om areal som nyttast til landbruk, næring, veg og sjøareal. Det er lagt opp til ny bygingsmasse på over 15000 m<sup>2</sup> BRA med gesimshøgde opp til 15m over planert terreng og ynskjer om å bygge kai for skip over 1350 DWT. Det vert ikkje avfallproduksjon eller utslepp. Det skal nyttast RAS-teknologi (reinsing og resirkulering av vatn) og deponering/gjenbruk slam. Dette utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU) og planprogram. Tiltaket vert vurdert å få vesentleg verknad for miljø og samfunn. Mowi ser føre seg at utvidinga vil auke mengda av tilsette frå 6 stk. til 21 stk.

Planområde omfattar i kommuneplanens arealdel (frå 2014) næringsområda E2 og E49 (berre akvakultur), delar av nautområde (N1) og småbåthamn (SH2), samt LNF ((Landbruk-, natur- og friluftsliv), NFFF1 (Natur, fiske, friluftsliv, ferdsel), veg, gang- og sykkelveg i Vedelda/Sundnesbogen. Fyllingsfot i sjø er plassert utanfor område avsett til utbyggingsområde i kommuneplan. LNF område som er dyrka 13daa ynskjer tiltakshavar å omdisponere. Tiltakshavar har ilag med ein grunneigar sett på moglege areal for reetablering av tilsvarande dyrkingsfelt som kompensierende tiltak.



LNF område er i kommuneplanen ikkje klassifisert som kjerneområdet for landbruk.

Etter kommunale føresegne er det berre gitt løyve til å etablere næring ved områda E2 og E49 (berre for akvakultur), der det er naudsynt med tilflot eller anna tilgang frå sjø. Bygging av nytt næringsområde i LNF- og NFFF1-område må konsekvensutgreiast. Utviding av næringsområde i sjø må leggest inn i kystzoneplanen, som er under utarbeiding.

Administrasjon er positivt til regulering og utviding av akvakulturanlegget ved ved Sundnesbogen på Rovde utifrå følgjande betraktningar:

- Framtidig utbygging vil skape 15 stk. fleire arbeidsplassar i Rovde.
- Utviding av akvakulturanlegget i Rovde vil styrke kompetansen på smolt i Vanylven.
- Bruk av matjord frå dyrka mark for reetablering av tilsvarande dyrkingsfelt på Rovde sikrar gjenbruk og jordvern.

**Likestillingsmessige sider ved saka:** ingen kjende

**Konsekvensar for folkehelsa:** ingen kjende

**Miljøkonsekvensar:** Terreng- og naturinngrep, samt avvik frå kommuneplan-arealdel krev konsekvensutgreiing.

**Økonomiske konsekvensar:** ingen kjende  
**Beredskapsmessige konsekvensar:** ingen kjende  
**Konsekvensar for barn og unge:** ingen kjende

Helge Kleppe  
kommunalsjef